

## Møtebok

Tid: 9. januar 2014, kl 14.00-15.30

Stad: møterom Børilden på kommunehuset Austrheim kommune

Desse møtte:

Oddmund Dingen frå BOF, Øystein Austrheim og Arild Tresvik (grunneigar) frå Fønnes bygdela. Frå kommunen møtte Asbjørn N. Toft planavd., Frode Hervik prosjektleiar «Austrheim heile livet», Helge Dyrkolbotn folkehelsekoordinator, og Kari T. Utkilen kulturleiar.

**Sak: Årvika friluftsområde- Utvikling og tilrettelegging**

Fønnes Bygdela har fått positivt svar på søknad om støtte til utvikling og tilrettelegging av Årvika friluftsområde på kr 435.000. Det må lagast ein arbeidsplan og prosjektet må starte innan 6 mnd. Det er tre aktørar som skal samarbeide om prosjektet: Fønnes bygdela, Bergen og Omland Friluftsområde (BOF) og Austrheim kommune.

BOF inngår avtale med grunneigar om friluftsområdet, og BOF søker Miljø Direktoratet om statleg sikring av Årvika friluftsområde. Austrheim kommune inngår avtale med grunneigarar om tilkomstveg, parkeringsplass og turveg til Årvika.

Vi tek utgangspunkt i søknaden til Gjensidigestiftelsen

### 1. Tidsplan

1. Oppstart av prosjektet  
Mars 2014  
Når planlegger dere å avslutte prosjektet?  
Mars 2015

### 2. Fremdriftsplan

1. Spesifiser hvilke hovedaktiviteter dere har tenkt å gjennomføre
  1. Mars 2014 Opparbeiding av parkering
  2. April 2014 Opparbeiding av turveg
  3. April 2014 Rydding av trær og buskar
  4. Mai 2014 Toalettanlegg
  5. Mai 2014 Bord, benker, grill
  6. Mai 2014 Rydding av stranden
  7. August 2014 Aktiviteter
  8. September 2014 Grindverksbygg
  9. Mars 2015 Aktivitetsflater for sandvolleyball o.a

Det er ein ambisiøs framdriftsplan og vi må starte med snarleg synfaring. Aktørar innan Havsport vert også invitert med i planlegginga av friluftsområdet. BOF lagar skisse av plassering av toalett, grindverksbygg, grill, benker, turveg, parkering og anna opparbeiding av friluftsområdet. I utforminga tenkar vi mest mogleg vedlikaholdsfritt.

Synfaring: tysdag 14. januar kl 14.00 ved parkeringsplassen i Tresvika

Det er ikkje ønske om bosspann inne i området, men plassering ved parkeringsplass. Årvika friluftsområde må merkast. Turvegen vert bygga som ein standard landbruksveg kl 6-7 (traktorveg). Med lyst toppdekket vil turvegen vere betre tilrettelagt for svaksynte og i mørke. Massene som bygdela har lagra ved Torvneset kan nyttast til turveg til Årvika.

Grindverksbygget bør ikkje vere for stor og 40 m<sup>2</sup> kan vere rett storleik. Det vert plassert i terrenget i forhold til vind og bruk. Det skal vere kurs i gridverksbygging på Mastrevik kai v/Rune Revheim.

Fordeling av oppgåver og ansvar:

#### Austrheim kommune

Planavdelinga tek ansvar for at søknad kjem inn og vert laga med vilkår

Kommunen tek kontakt med grunneigarar som grensar til området

Kommunen tek ansvar for avtalar om drift og vedlikahald av tilkomstvegen (Tresvikvegen) og turvegen til Årvika.

Kommunen sjekkar kulturminne

Avklare bruk av tilsette i kommunen, og utstyr i prosjektet

Avklare økonomistyring, prosjektnummer o.a.

#### Bergen og Omland Friluftsområde (BOF)

BOF lagar skisse

BOF plasserar bom med 2 lås inn til anlegget

BOF står for bygging, drift og vedlikehold av toalettanlegg m/2 toalett

BOF opparbeidar bakland med evt. tørrmur og grøfting

BOF står for benker, bord og grill

BOF driftar Årvika friluftsområdet

BOF lagar spelemiddelsøknad for opparbeiding av området

#### Fonnes bygdelag

Bygdelaget står for bygging og vedlikehold av gridverksbygg

Bygdelaget opparbeider turveg

Bygdelaget ryddar skog og ordnar gjerder etter avtale med grunneigar

Bygdelaget organiserar dugnad med sosial profil

Ref. Kari Torkildsen Utkilen

10. januar 2014